# Meland kommune

KOPI

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 27.01.2017 |
| Dykkar: | Laila Bjørge | |
| Vår: 16/67 - 17/1608 | laila.bjorge@meland.kommune.no | |

# Rapportering for bruk av tilskot til kommunal veterinærvakt for 2016

Meland kommune har ansvar for drift av veterinærvakt i Nordhordland på vegne kommunane i vaktdistriktet som dekker Austrheim,Fedje, Lindås, Meland og Radøu. Rekneskapen syner at tilskotet frå staten balanserar bra med utgiftene til vakt. Veterinær Erik Ulvik har ansvar for å setja opp vaktlister og levere inn timelister til utbetaling. Han mottek kr. 25 000 for dette arbeidet. Overskotet på kr. 13 269 går til å dekka kommunen sitt arbeid med rekneskap og administrasjon. Tilskotet dekkjer også 1 mnd sesongt illegg i lamminga, dvs at det er ein ekstra veterinær på vakt i denne perioden.

## Rekneskap 2016 (01.12.15-30.11.16)

**Veterinærvakt 2016**

| Art | Namn | Beløp |
|---|---|---|
| 11210 | ANDRE TENESTER | 25 000 |
| 13716 | DRIFTSTILSKOT VETERINÆR | 793 101 |
| **Sum utgifter** | | **818 101** |
| | | |
| 17016 | STAT.REF. VETERINÆRVAKT | -831 370 |
| **Sum inntekter** | | **-831 370** |
| | | |
| **Sum veterinærvakt 2016** | | **-13 269** |

Kommunen hadde i utgangspunktet kontrakt med 4 veterinærar som har delt på vakta. Ein veterinær slutta ved utgangen av 2014, og det har skapt vanskar for å få til ei firdelt vakt. I periodar har det berre vore tre som har delteke i vakta,o g det erfarer me er for stor vaktbelastning på den enkelte veterinær. Som ei

mellombels løysing har ein lukkast å få inn vikarar, slik at i ein no har  firdelt vakt.

Kommunane har det siste året hatt ein prosess med å diskutera kva tiltak som er naudsynt for å sikra god nok veterinærdekning i regionen. Dette  har munna ut i at det like før jul vart lyst ut anbod om tilskot  4 kommuneveterinærstillingar på dagtid,  der eit av vilkåra er at dei deltek i veterinærvakt. Det vil om kort tid verta gjennomført kontraktsforhandlingar og inngått avtalar. Me vonar at dette vil bidra til å sikra vaktordninga framover. Kommunen vil  hausten 2017 lysa ut nytt anbod om vaktordninga.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Austrheim kommune | Sætremarka 2 | 5943 | AUSTRHEIM |
| Fedje kommune | Stormarkvegen 49 | 5947 | FEDJE |
| Lindås kommune | Postmottak, Kvernhusmyrane 20 | 5914 | ISDALSTØ |
| Radøy kommune | Radøyvegen 1690 | 5936 | MANGER |

KOPI

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | P.b 7310 | 5020 | BERGEN |

KOPI